

Skjenkeløyve til 2016 på Dønhaug

08.04.2013

Formannskapet skal denne veka behandla skjenkeløyve på Dønhaug og rådmannen går inn for at løyvet skal gjelda fram til 30. juni 2016.

Det gjeld inne for 65 gjester i Dønhaugkjedlaren og ute i eit avgrensa område på nedsida av kjedlaren

Skjenketida vert frå klokka 12 til 01.30 under 22 prosent og frå 13 til 01.30 for over 22 prosent.

Fram til 1. juni i fjor hadde Dønhaug fast skjenkeløyve for kjedlaren og låven. Søknaden som no ligg føre er for kjedlaren med uteområde

Magne Huglen ynskjer å kunne utvida skjenkearealet nokre få gongar i året til også å omfatta låven med omkringliggjande område.

Han er løyvehavar medan Anne Berit Huglen er reservestyrrar.

Av Ola Matti Mathisen